

**RETNINGSLINER
FOR
TILSKOTT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER
PERIODEN 2020 -2023**



NORD-FRON KOMMUNE



Arkivfoto

Jf. delegeringsreglementet for Nord-Fron kommune vedteke 14.02.2017 – delegert til kommunedirektøren.

1 BAKGRUNN:

Jf. *Forskrift om endring av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 03.10.2017 (endringsforskriften)* overføres forvaltninga av tilskottsordninga *Tilskott til tiltak i beiteområder* til kommunane frå 01.01.2020. Kommunen skal prioritere søknadane og innvilge tilskott. Som grunnlag for prioriteringane skal kommunen fastsette lokale retningslinjer innafor ramma av forskrifta og Rundskriv 2019-45.

Retningslinjene er forankra i

- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 03.10.2017 (endringsforskriften).
- Rundskriv 45//2019, frå Landbruksdirektoratet.
- Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for perioden 2020-2023 i Nord-Fron

Retningslinjene er utarbeidd av landbrukskontoret i Nord-Fron i samarbeid med faglagane i kommunen. Retningslinjene er sendt på høyring til Fylkesmannen.

2 FORMÅL

Formålet med tilskott til tiltak i beiteområder er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmarka, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområde.

3 UTFORDRINGAR

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for landbruket i Nord-Fron. Det er grasbasert husdyrhald som dominerer jordbruket i kommunen og for dei fleste husdyrbrukarane er utmarksbeite ein viktig del av ressursgrunnlaget på garden. Beitebruken i kommunen er i stadig endring.

- Det er nedgang i tal beitebrukare, både med storfè og småfè. Dei som er att har stort sett auke i dyretalet. Denne utviklinga med færre brukare og større besetningar gjer at tilsyn og sanking av dyra blir meir krevjande for den einskilde.
- Utviklinga av andel leigejord har i dei seinare åra vore aukande. Dette fører til at det blir eit dårlegare vedlikehaldet av gjerder, noko som medfører ulike ulemper for beitebrukarane.
- Attgroing er eit aukande problem også i Nord-Fron. Å legge til rette for beitedyr og beitenæringa er grunnleggjande for å hindre attgroing av landskapet i utmark og bygdenære områder.
- Auke i fritidsbustader - interessekonflikt mellom ulike brukarar av utmarka
- Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har gjort beitekartlegging av utmarka i store deler av kommunen. Det er framleis att områder i Nord-Fron der det kunne vore ønskeleg med beitekartlegging.
- Beitekartane syner områder med svært god beitekvalitet som ikkje er fullt ut nytta pga store utfordringar med rovviltskader.
- Ein har vesentlege utfordringar med rovvilt i kommunen. Ein har fast tilhald av jerv i beiteområda på austsida i kommunen som gir årvisse tap av sau i beitesesongen, og elles sporadiske tap frå ulv, bjørn, gaupe og kongeørn.

4 RETNINGSLINER FOR TILSKOTT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER I NORD-FRON KOMMUNE

Vilkår for tilskott

- Tilskott kan gis til beitelag og andre former for organisert samarbeid som driv næringsmessig beitedrift. Halvparten av medlemane i lag eller foreining må ha rett til produksjonstilskott.
- Enkeltføretak kan gjevast tilskott dersom det ikkje ligg til rette for samarbeid. Bakgrunn for dette er strukturendringane i landbruket.
- Det må føreligge løyve eller avtale med grunneigar eller andre med rettigheter i området som blir rørt av tiltaket.
- Løyve/ avtale må gjelde i minst 10 år.

Det kan gjevast tilskott til investeringar i faste innstallasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk i utmarka. Det kan også gjevast tilskott til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Innafor desse rammene kan det gjevast tilskott til alle tiltak som fremmer beitebruken i eit område.

Ved framtidig søknad om tilskott til innkjøp av mobilt utstyr er det ønskjeleg at beitelaget inngår ansvar- og vedlikehaldsavtale for det innkjøpte utstyret jf. standard avtale utarbeidd av fylkesmannen.

Prioritering av tiltak:

- Sperregjerder
- Sankekveør
- Ferister
- Bruer – dimensjonert for beitedyr
- Saltsteinsautomatar
- Elektronisk overvåkningsutstyr – Oppland radiobjøllelag har dei siste åra vorte tildelt midlar gjennom denne ordninga til innkjøp av elektronisk overvåkningsutstyr. Vedtektene for radiobjøllelaget er endra slik at småfè og storfè er likestilt ved søknad om leige av bjøller. Forutsatt at delar av ramma blir øyremerka Oppland radiobjøllelag, blir ikkje elektronisk overvåkningsutstyr prioritert innafor den tildelte ramma for Nord-Fron.

Søknadsbehandling og søknadsfrist

Søknaden skal omfatte kostnadsoverslag og finansieringsplan. Søknaden skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/Altinn. Landbrukskontoret kan bistå med søknaden.

Søknadsfristen er 15. mars

Ved investeringstiltak kan det gjevast tilskott med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Det vil bli årleg informert om ordninga i ei informasjonsbrosjyre frå landbrukskontoret som blir sendt til alle jordbrukarar i kommunen. Dessutan blir informasjon om tilskottsordningane lagt ut på heimesida til kommunen og på nettstaden www.midtdalsbonden.no

Søknaden skal innehalde

- Beskriving av tiltaket
- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Kart der tiltaket er teikna inn
- Kopi av løyve m.m.

Kostnadsoverslag for faste innstallasjonar vil normalt omfatte material- og arbeidskostnadar (eige og leigd arbeid).

Dersom utøver er registrert for mva så skal ikkje mva takast med i kostnadsoverslaget. Det skal ikkje førast mva på eige arbeid.

Arbeidsfrist

Jf. §5 i endringsforskrifta så er frist for gjennomføring av tiltak 3 år. Etter søknad kan fristen forlengast med 2 år, men ikkje ut over 5 år.

5 KOMMUNEN VIL LEGGE FØLGJANDE SATSAR TIL GRUNN FOR GODKJENNING AV KOSTNADSOVERSLAG

- Utmarksgjerde, netting inntil 100 kr/m. I tillegg kjem grunder, klyv m.m. Rydding av gjerdetrasè inngår i gjerdekostnaden.
- Gjerder, strøm inntil 50 kr/m. I tillegg kjem grunder, klyv m.m. Rydding av gjerdetrasè inngår i gjerdekostnaden.
- Eigeninnsats:
 - Arbeid: inntil 350 kr/time
 - Traktor/ maskin med fører: inntil 700 kr/time
 - Gravemaskin: inntil 850 kr/time

Alle satsar er kostnad eks. mva.

Utbetaling

Kommunen kan betale ut inntil 75% av tilskottet etter kvart som tiltakshaver har dokumentert utgifter til godkjent tiltak.

Sluttutbetaling kan skje fyrst når tiltaket er ferdig gjennomført. Dokumentasjon vil normalt vera kopi av betalt faktura for innkjøp av materialer/ utstyr eller faktura frå entrepenør. Det bør også leggjast ved bilete. Eige arbeid må dokumenteres med timelister. Dersom kostnadene blir lågare enn medrekna, kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kommunen vurderer om det er naudsynt med synfaring av tiltaket. Som hovudregel skal synfaringa gjennomførast før sluttutbetaling av tiltaket.